

Lokal forskrift om gebyr etter plan- og bygningslova, matrikkellova og eigarseksjonslova for Aurland kommune, Vestland

2022

Heimel: Plan- og bygningslova § 33-1, jf. byggesaksforskrifta, matrikkellova § 32, jf. matrikkelforskrifta og eierseksjonslova § 15.
Fastsett 4.11.21, kunngjort 26.11.2021, ikraftsetjing: 1. januar 2022

Kapittel 1 – Generelle føresegner

§ 1.1 Formålet og verkeområdet til forskrifta

Forskrifta gir føresegner om betaling av gebyr for sakshandsaming kommunen gjer etter lover og forskrifter for følgjande gebyrtenester:

- Kapittel 2 i forskrifta: Private planforslag etter plan- og bygningslova
- Kapittel 3 i forskrifta: Bygginge-, dele- og dispensasjonssaker etter plan- og bygningslova
- Kapittel 4 i forskrifta: Seksjonering etter eierseksjonslova
- Kapittel 5 i forskrifta: Oppmåling etter matrikkellova

Gebyr etter dette regulativ betalast etter faktura laga av kommunen. Kommunen kan krevje betaling før forretning gjennomførast, arbeid blir igangsett eller før løyve/vedtak fattast. Alle prisar er angitt i norske kroner. Det reknast ikkje meirverdiavgift på gebyr etter plan- og bygningslova, matrikkellova eller eierseksjonslova.

§ 1.2 Betalingsplikt

Alle som får utført tenester etter dette regulativ skal betale gebyr.

Kommunen krev i tillegg inn tinglysingsgebyr og dokumentavgift i saker der kommunen må forskotera dette.

§ 1.3 Tidspunkt for gebyrfastsetjing og fakturering

Gebyr etter plan- og bygningslova og eierseksjonslova reknast etter dei satsar som gjeld på tidspunktet komplett sak blir motteke i kommunen, med mindre noko anna kjem fram av regulativet.

Gebyr for bygginge-, dele- og dispensasjonssaker og seksjoneringssaker blir fakturert når vedtak fattast.

Private planforslag har i utgangspunktet to tidspunkt for fakturering; etter oppstartsmøtet og ved vedtak om offentleg ettersyn. Dersom saken krev planprogram, kan det i tillegg bli fakturert etter vedtak av planprogram.

Gebyr etter matrikkellova reknast etter dei satsar som gjeld når saken fremmast, jf. matrikkelforskrifta § 16 og blir fakturert etter at oppmålingsforretning er haldne og registrerte i matrikkelen til kommunen.

Gebyret forfell til betaling 30 dagar etter fakturadato. Ved for sein betaling kjem purregebyr etter inkassoforskrifta.

Gebyret må betalast og forfell uansett om vedtaket er klaga på, eller det er søkt om reduksjon av gebyr.

§ 1.4 Gebyr og prisar i regulativet

Gebyra i regulativet reflekterer arbeidet kommunen har med dei ulike sakstypene og blir rekna i samsvar med sjølvkostprinsippet. Samla fakturert gebyr dekkjer sakshandsaming, administrasjonskostnader, tilsyn med vidare.

Gebyrregulativet blir vedtatt årleg av kommunestyret som har høve til å prise gebyra lågare enn sjølvkost.

§ 1.5 Sakkunnig bistand

Der kommunen leiger inn sakkunnig bistand for kontroll, utsegner, vurderingar ut frå lov- og forskriftskrav og liknande, vil kostnadane for slik bistand bli lagt til gebyret. I tillegg blir det fakturert for medgått tid for arbeidet kommunen har med å henta inn slik bistand.

§ 1.6 Klage

Når gebyret har heimel i plan- og bygningslova § 33-1, matrikkellova § 32 eller eierseksjonslova § 15, er det ikkje høve til å klaga på gebyret i den enkelte saka. Enkeltvedtak etter § 1.7 om urimeleg gebyr kan klagast på til Statsforvaltaren i Vestland etter reglane i forvaltningslova.

§ 1.7 Urimeleg gebyr

Dersom kommunedirektør etter eiga vurdering ser på gebyret som klart urimeleg, kan gebyret setjast ned. Søknad om redusert gebyr utset ikkje betalingsfristen.

§ 1.8 Avslag

Sakshandsaminga vurderast som avslutta dersom det ikkje er sendt klage innan utløpet til klagefristen. For å etterleva sjølvkostreglane skal det ved avslag betalast 100 % av ordinært gebyr. Beløpet blir ikkje godskrive ved ny eller endra søknad.

§ 1.9 Tilbaketrekking av søknad

Dersom søknad blir trekt tilbake, skal søker betala ein del av gebyret avhengig av kor langt kommunen har kome i handsaminga av søknaden. Det kjem fram av regulativet kor mykje som skal betalast.

§ 1.10 Definisjonar og forklaringar

I denne forskrifta blir det meint med:

- a. pbl: Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningslova).
- b. Mtl: Lov om eigedomsregistrering (matrikkellova).
- c. Eiersl: Lov om eierseksjoner (eierseksjonslova).
- d. SAK: Forskrift om byggesak (byggesaksforskrifta).
- e. TEK: Forskrift om tekniske krav til byggverk (byggteknisk forskrift).
- f. Søknadspliktige tiltak: Tiltak definert i plan- og bygningslova §§ 20-1, 20-2, 20-3, 20-4.
- g. Grunngelyr: Gebyr som skal dekkje dei generelle oppgåvene i sakshandsamingsprosessen som er uavhengig av kompleksitet og storleik på tiltaket.
- h. Sakshandsamingsgebyr: Gebyr som skal dekkje oppgåvene i sakshandsamingsprosessen som er avhengig av kompleksitet og storleik på tiltaket.
- i. Registreringsgebyr: Gebyr som skal dekkje arbeidet med oppgåvene knytt til registrering i matrikkelen. Gebyret betalast per matrikkeleining, per brukseining eller per endring av brukseining.
- j. Tiltaksklasse: Inndeling av oppgåver i tiltaket basert på vanskegrad, kompleksitet og konsekvensar av manglar og feil, jf. SAK § 9-4.
- k. Matrikkel: Nasjonalt eigedomsregister kor kvar eigedom har eit unikt nummer beståande av kommunenummer, gardsnummer (gnr), bruksnummer (bnr), festenummer (fnr) og seksjonsnummer (snr). Dersom bruket ikkje har feste- og/eller seksjonsnummer har disse verdien null (0). Tidlegare kalla GAB-registeret (Grunneigedoms-, Adresse- og Bygningsregisteret).
- l. Eigedom: Fast eigedom definert med eit eiga gards- og bruksnummer, festenummer og/eller seksjonsnummer i matrikkelen. Seksjon etablert i samsvar med lovgivinga om eigarseksjonar blir rekna som sjølvstendig eigedom.
- m. Brukseining: Bygning eller del av bygning (lokale), f.eks. bueining, garasje, annekst/uthus, kontoreining, verkstad og lager.
- n. Bueining: Brukseining som har alle hovudfunksjonar for bustad, slik som stue, kjøkken, soveplass, bad og toalett, og har eiga inngang og er fysisk skilt frå andre einingar, jf. SAK § 2-2.
- o. Bygningstype: Standardisert kategorisering av den enkelte bygning etter NS-3457. Bygningstypar frå 111 til 199 høyrer til bygningshovudgruppe Bustad. Bygningstypar frå 211 til 840 er alt anna enn bustad.
- p. Bruksareal (BRA): Bruksareal for eigedom som er registrert i matrikkelen og rekna med utgangspunkt i NS-3940.
- q. Daa: Dekar, 1.000 kvadratmeter.
- r. Vnr.: Varenummer.

Kapittel 2 – Private planforslag (reguleringsplanar)

§ 2.1 Generelt

Det skal betalast gebyr for alle private planforslag for arbeidet til kommunen fram til det blir avgjort om forslaget skal leggjast ut på høyring etter plan- og bygningslova § 12-11. I plansaker er tidspunktet for fakturering delt opp; første faktura blir sendt ut etter oppstartsmøtet, andre faktura blir sendt ut i samband med vedtak om offentleg ettersyn. Dersom saken krev planprogram, kan det i tillegg bli fakturert etter vedtak av planprogram. I saker som blir avslutta før fullstendig planforslag er lagt fram, eller før offentleg ettersyn, blir gebyret fakturert når saka blir avslutta.

§ 2.2 Timepris

For dei tenester som ikkje blir omfatta av dette regulativet kan det reknast gebyr etter medgått tid. Timesatsen dekker òg støttefunksjonar og administrasjon av tenesta.

Timepris	Utrekningseining	Gebyr	
2020000	Gebyr for medgått tid i private plansakar	Per time	Kr 610,-

§ 2.3 Mangelfulle plandokument som kommunen må rette opp

I tillegg til dei andre gebyra rekna, kjem det til eit tilleggsgebyr dersom planforslaget ikkje leverast i fullverdig digital form. Gebyret gjeld i dei tilfella kommunen har meirarbeid ved retting av dokument.

Tillegg for planforslag som ikkje er levert etter SOSI-standarden: Etter medgått tid som kommunen har brukt for å rette opp plankartet.

Tillegg for mangelfulle plandokument til førstegangshandsaming: Etter medgått tid som kommunen har brukt for å rette opp plandokument.

§ 2.4 Oppstartsmøte og andre møter

Gebyret for oppstartsmøtet dekkjer førebuing, deltaking i møtet samt referat og etterarbeid som kommunen har. Ved behov for andre møter mellom forslagsstillar/plankonsulent og kommunen/sakshandsamar skal det betalast tilleggsgebyr.

Oppstartsmøte og andre møter, jf. pbl § 12-8	Utrekningseining	Gebyr	
2040000	Oppstartsmøte	Per møte	Kr 4 880,-
2040001	Underveismøter / dialogmøter	Per møte	Kr 2 440,-
2040002	Synfaring	Per synfaring	Kr 2 135,-

§ 2.5 Forhold til overordna planer i kommunen

Dersom planinitiativet er i strid med kommuneplanen og det er behov for at kommunestyret avklarar planoppstart betalast eit planavklaringsgebyr:

Planinitiativets forhold til overordna planer	Utrekningseining	Gebyr	
2050000	Politisk avklaring av oppstart av planarbeid i strid med kommune(del)plan	Per planinitiativ	Kr 4 575,-

§ 2.6 Gebyr for handsaming av privat planforslag, jf. pbl § 12-11

Samla gebyr består av gebyr etter §§ 2.6.1 til 2.6.5. Alle planforslag betalar for grunngebyr etter § 2.6.1. Føresegner i §§ 2.6.2 - 2.6.5 er tilleggsgebyr og skal betalast i tilfelle der planforslaget møter krava for dei enkelte tilleggsgebyra.

§ 2.6.1 Grunngebyr

Grunngebyr	Utrekningseining	Gebyr	
2060000	Private planforslag	Per søknad	Kr 39 650,-

§ 2.6.2 Planar med konsekvensutgreiing og planprogram

For planforslag som krev konsekvensutgreiing (KU) skal det betalast eit tilleggsgebyr. I saker med planprogram blir det fakturert etter vedtak av planprogram.

Planprogram og konsekvensutgreiing, jf. pbl § 4-1, § 4-2 andre ledd og kap. 14	Utrekningseining	Gebyr	
2060001	For planar som krev konsekvensutgreiing <u>utan</u> planprogram	Per planforslag	Kr 18 300,-
2060002	For planar som krev konsekvensutgreiing <u>med</u> planprogram	Per planforslag	Kr 27 450,-
2060003	Tilleggsgebyr ved fleire enn 2 utgreiingstema	Per tema	Kr 12 810,-

§ 2.6.3 Arealformål i planforslaget

Det skal betalast tilleggsgebyr dersom planforslaget inneheld over 7 arealformål/omsynssoner. Arealformål i planforslaget blir definert etter underformål i vedlegg I i kart- og planforskrifta.

Arealformål	Utrekningseining	Gebyr
2060004 Frå 8 til 12 arealformål/omsynssoner	Per planforslag	Kr 9 150,-
2060005 Over 12 arealformål/omsynssoner	Per planforslag	Kr 18 300,-

§ 2.6.4 Planforslag i sentrum

Dersom planforslaget gjeld områder i sentrumsområda i Aurland kommune, skal det betalast eit tilleggsgebyr. Se vedlegg til denne forskrifta for nærare definisjon av sentrumsområdet fram til kommuneplanen vert oppdatert og fastset dette.

Plan i sentrumsområder / tettstad	Utrekningseining	Gebyr
2060006 Planforslag i sentrum	Per planforslag	Kr 18 300,-

§ 2.7 Utfylling og endring av plan

Ved utfylling eller endring av plan skal det betalast gebyr. Det same gjeld dersom det blir søkt om dispensasjon.

Utfylling og endring av plan	Utrekningseining	Gebyr
2070000 Mindre endring og utfylling av detaljplan iht. pbl § 12-14, delegert behandling til administrasjonen	Per søknad	Kr 13 115,-
2070001 Mindre endring og utfylling av detaljplan iht. pbl § 12-14 som krev politisk behandling	Per søknad	Kr 18 300,-
2070002 Endringer som behandles som ny plan i samsvar med pbl § 12-14 første ledd	Per søknad	Fullt gebyr

§ 2.8 Tilbaketrekking av planinitiativ/planforslag

Ved trekk av planforslag eller manglande oppfølging frå forslagsstillar skal forslagsstillar betala ein del av samla gebyr avhengig av kor langt kommunen har kome i sakshandsaminga.

Dersom planoppstart ikkje er dokumentert kunngjort innan 6 månader etter gjennomført oppstartsmøte, blir saka avslutta og nytt oppstartsmøte må bli haldt før kunngjering av planoppstart, med mindre anna er avtala. Det same gjeld der komplett planforslag ikkje er mottatt innan 12 månader etter gjennomført oppstartsmøte. I dei tilfella kjem det nytt gebyr for oppstartsmøte. Dette gjeld med mindre kommunen og forslagsstillar har avtalt noko anna i eiga avtale.

Trekk av søknad	Utrekningseining	Gebyr
2080000 For søknadar som trekkjast etter varsel om oppstart, men før innsendt planforslag er mottatt	Per planinitiativ	Fullt gebyr etter § 2.4 og evt. § 2.5
2080001 For sak som avsluttast etter mottatt planforslag, men før førstegangsvedtak	Per planforslag	100 % av gebyr etter §§ 2.4 og evt. 2.5 og 50 % av gebyr etter § 2.6
2080002 For sak som avsluttast etter mottatt planforslag og etter førstegangsvedtak	Per planforslag	Fullt gebyr

Kapittel 3 – Byggje-, dele- og dispensasjonssaker

§ 3.1 Generelt

For alle søknadspliktige tiltak etter pbl skal det reknast grunngebyr, sakshandsamingsgebyr og registreringsgebyr med mindre noko anna kjem fram av regulativet. For tiltak som er unntatt søknadsplikt skal det reknast registreringsgebyr dersom tiltaket skal førast i matrikkel.

§ 3.2 Tilsyn etter plan- og bygningslova

Tilsyn er eit viktig verkemiddel for å kontrollere at tiltak blir gjennomført i samsvar med føresegner gitt i eller med heimel i plan- og bygningslova. Tilsyn skal bidra til betre gjennomføring av byggjeprosessar, avdekke ulovlegheit og virke førebyggjande. Inntil 15 % av gebyret skal dekkje tilsynsverksemda til kommunen.

§ 3.3 Ulovlegheitsoppfølging

Der kommunen har gjort ulovlegheitsoppfølging og det i ettertid blir innsendt komplett søknad for ulovleg igangsett eller utført tiltak, betalast gebyr i samsvar med arten til tiltaket etter dette regulativ.

Tvangsmulkt og/eller overtredelsesgebyr etter føresegnene i plan- og bygningslova §§ 32-5 og 32-8 kan kome i tillegg.

§ 3.4 Timepris

For dei tenester som ikkje er omtalt i regulativet, men som krev handsaming etter pbl, gjeld gebyr etter medgått tid. Timesatsen dekkjer blant anna sakshandsaming, støttefunksjonar og administrasjon. Timesatsen gjeld også for søknader etter pbl kapittel 18.

Timepris	Utrekningseining	Gebyr
3040000	Gebyr for medgått tid etter plan- og bygningslova	Per time Kr 670,-

§ 3.5 Mangelfull søknad

Ved retur kjem det gebyr. Ein søknad kan returnerast dersom søknaden er mangelfull og ikkje komplett i samsvar med krava i SAK kapittel 5. Dersom søker ikkje har komplett søknad etter første oppfølging frå kommunen om manglar, kjem det gebyr for kvart følgjande mangelbrev som blir sendt.

Oppfølging av manglar	Utrekningseining	Gebyr
3050000	Oppfølging av mangel frå og med formelt mangelbrev	Per oppfølging Kr 1 340,-
3050001	Vedtak om avvising	Per søknad Kr 2 010,-

§ 3.6 Tilbaketrekking av søknad

Ved tilbaketrekking av søknad skal tiltakshavar betale ein del av gebyret avhengig av kor langt kommunen har kome i sakshandsaminga.

Trekk av søknad	Utrekningseining	Grunngebyr	Sakshandsamingsgebyr
3060000	For søknader som blir trekte før påbyrja sakshandsaming	Per søknad 50 %	0 %
3060001	For søknader som blir trekte etter påbyrja sakshandsaming, men før vedtak	Per søknad 100 %	30 %
3060002	For søknader som avsluttast etter påbyrja sakshandsaming, og etter vedtak	Per søknad 100 %	100 %

§ 3.7 Grunngjebyr

Grunngjebyret skal dekkje dei generelle oppgåvene i sakshandsamingsprosessen som er uavhengig av kompleksitet og storleik på tiltaket, eksempelvis mottakskontroll. Ferdigattest som utstedes i løpet av fem år etter opphavleg byggeløyve dekkjast også av grunngebyret.

Grunngjebyr	Utrekningseining	Gebyr
3070000	Søknadspliktige tiltak	Per søknad Kr 1 340,-

§ 3.8 Registreringsgebyr

For tiltak etter pbl skal det betalast registreringsgebyr som skal dekkje kostnadene knytt til arbeid som må bli gjort i matrikkelen. Arbeid i matrikkelen aukar proporsjonalt med tal på brukseiningar og det skal betalast eit registreringsgebyr per brukseining. Gebyret skal òg betalast ved endring av brukseining. Registreringsgebyr kjem òg for tiltak som er unntatt søknadsplikt, men som skal bli meldt inn til kommunen.

Registreringsgebyr	Utrekningseining	Gebyr
3080000	Registreringspliktige tiltak	Per brukseining Kr 670,-

§ 3.9 Førehandskonferanse

For nærare avklaring av rammer og innhald i tiltaket kan det bli heldt førehandskonferanse og andre møter mellom tiltakshavar, kommunen og andre aktuelle fagmynde. Kommunen kan pålegga tiltakshavar førehandskonferanse dersom dei ser behov for det.

Førehandskonferanse etter pbl § 21-1		Utrekningseining	Gebyr
3090000	Førehandskonferanse	Per møte	Kr 4 020,-
3090001	Andre møter	Etter medgått tid, pris per time	Kr 670,-

§ 3.10 Dispensasjonssøknad

Tiltak som ikkje stemmer med føresegner i lov, forskrift eller plan krev søknad om dispensasjon. Dispensasjonsgebyret kjem i tillegg til andre gebyr.

Dispensasjon etter pbl § 19-1		Utrekningseining	Gebyr
3100000	Søknad om dispensasjon frå plankrav i kommune- og reguleringsplan, arealføremål	Per forhold	Kr 4 690,-
3100001	Søknad om dispensasjon i 100-metersbeltet langs sjø og vassdrag	Per forhold	Kr 3 350,-
3100002	Søknad om dispensasjon frå grad av utnytting, regulert byggelinje, etasjetall, høgde i plan mv.	Per forhold	Kr 3 350,-
3100003	Søknad om dispensasjon frå andre forhold i plan og/eller pbl med tilhøyrande forskrifter, samt andre forhold som ikkje er særskilt nemnt	Per forhold	Kr 4 690,-
3100004	Søknad om dispensasjon for tiltak på eksisterande bygningar i LNF-områder	Per forhold	Kr 3 350,-
3100005	Tilleggsgebyr for høyring	Per søknad	Kr 2 010,-

Dersom dispensasjonssøknaden inneheld søknad om dispensasjon frå fleire forhold, blir berre dei to dyraste gebyrlagt.

§ 3.11 Sakshandsamingsgebyr for tiltak utan krav til ansvarleg føretak

Gjeld for søknadspiktige tiltak som blir handsama iht. pbl § 20-1 m. Grunngjebyr og registreringsgebyr kjem i tillegg.

Frådeling mv., jf. pbl § 20-1 m		Utrekningseining	Gebyr
3110000	Oppretting av grunneigedom, inkludert søknad om frådeling av grunneigedom og innløysing av festetomt (deling) i <u>regulert</u> område	Per matrikkeleining	Kr 2 680,-
3110001	Oppretting av grunneigedom, inkludert søknad om frådeling av grunneigedom og innløysing av festetomt (deling) i <u>uregulert</u> område	Per matrikkeleining	Kr 4 020,-
3110002	Vedtak om tilleggsareal	Per søknad	Kr 2 680,-

For søknadspiktige tiltak som blir handsama iht. pbl § 20-1, jf. § 20-4 og tiltak som kan forestås av tiltakshavar jf. SAK §§ 3-1 og 3-2 skal det betalast følgjande gebyr. Grunngjebyr og registreringsgebyr kjem i tillegg.

Sakshandsamingsgebyr for tiltak utan krav til ansvarleg føretak, jf. pbl 20-4		Utrekningseining	Gebyr
3110003	Mindre tiltak på bebygd eigedom som garasjar, uthus og tilbygg, jf. SAK § 3-1 a og b	Per tiltak	Kr 4 690,-
3110004	Bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel eller omvendt innanfor ein brukseining, jf. SAK § 3-1 c	Per søknad	Kr 2 680,-
3110005	Skilt- og reklameinnretningar etter SAK § 3-1 d	Per tiltak	Kr 2 680,-
3110006	Alminnelege driftsbygningar i landbruket, jf. SAK § 3-2	Per tiltak	Kr 4 020,-
3110007	Midlertidige bygningar mv. jf. pbl § 20-4 c	Per tiltak	Kr 2 680,-
3110008	Terrenginngrep, jf. Pbl § 20-1 k	Per søknad	Kr 2 680,-

§ 3.12 Søknadspåklagte tiltak med krav om ansvarleg føretak (med ansvarrett)

Søknad, prosjektering og utføring av tiltak som skal forestås av føretak med ansvarrett. Grunngjebyr kjem i tillegg til sakshandsamingsgebyret. Det same gjeld registreringsgebyr dersom tiltaket er registreringspåklagte i matrikkelen.

§ 3.12.1 Oppføring, tilbygging, påbygging, underbygging eller plassering av bygning, konstruksjon eller anlegg, inkludert vesentleg endring eller reparasjon

For bygningar som er kombinasjonsbygg (både bustadformål og annett enn bustadformål) blir kvart enkelt formål gebyrlagt.

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1, a og b		Utrekningseining	Tiltaksklasse 1	Tiltaksklasse 2 og 3
Bustad og fritidsbustad:				
3120000	Bustad/fritidsbustad til og med 2 bueiningar Bygningstype 111-124, 161-163	Per søknad	Kr 10 720,-	Kr 16 750,-
3120001	Rekkehus, kjedehus og andre småhus Bygningstype 131-136	Per bueining, inntil 4 bueiningar per bygg	Kr 6 700,-	Kr 8 040,-
3120002	Store bustadbygg Bygningstype 141-159	Per bueining, inntil 12 bueiningar per bygg	Kr 6 700,-	Kr 8 040,-
3120003	Tilbygg, påbygg eller underbygg til bustad og fritidsbustad: Bygningstype 111-172	Per tiltak	Kr 5 360,-	Kr 8 710,-
3120004	Garasje, uthus, anneks, naust mv. til bustad: Bygningstype 181-199	Per tiltak	Kr 4 690,-	Kr 10 720,-

Anna enn bustad:		Utrekningseining	Tiltaksklasse 1	Tiltaksklasse 2 og 3
3120010	Industri-/næringsbygg og landbruksbygg Bygningstype 211-249	Per søknad	Kr 26 800,-	Kr 33 500,-
3120011	Kontor- og forretningsbygg Bygningstype 311-330	Per søknad	Kr 26 800,-	Kr 33 500,-
3120012	Anna næringsbygg og offentlege bygg Bygningstype 411-840	Per søknad	Kr 26 800,-	Kr 33 500,-
3120013	Konstruksjon, anlegg, mellombels bygg meir enn 2 år, mv. Bygningstype: 311-322;329-429;441-449;710-829	Per søknad	Kr 26 800,-	Kr 33 500,-
3120014	Tilbygg og påbygg mv. Bygningstype: 511-529	Per søknad	Kr 1 340,-	Kr 2 010,-

Røyranlegg, leidningsanlegg, basseng mv.		Utrekningseining	Gebyr
3120020	Røyranlegg, leidningsanlegg mv.	Per søknad	Kr 13 400,-
3120021	Symjebasseng, dam/brønn og liknande	Per søknad	Kr 2 680,-

§ 3.12.2 Fasadeendring

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 c		Utrekningseining	Gebyr
3120200	Fasadeendring	Per fasade	Kr 1 675,-
3120201	Fasadeendring på bygg, konstruksjon eller anlegg med kulturminneinteresse	Per fasade	Kr 1 675,-

§ 3.12.3 Bruksendring eller vesentleg utviding eller vesentleg endring av tidlegare drift av tiltak som nemnt i pbl § 20-1 a

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 d		Utrekningseining	Gebyr
3120300	Bruksendring mv. <u>med</u> endring av bygning, tekniske installasjonar mv.	Per søknad	50 % av gebyret etter § 3.12.1
3120301	Bruksendring mv. <u>utan</u> endring av bygning, tekniske installasjonar mv.	Per søknad	30 % av gebyret etter § 3.12.1

§ 3.12.4 Riving av tiltak som nemnt i pbl § 20-1 a

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 e		Utrekningseining	Gebyr
3120400	Rivning mv. av bygg, konstruksjon, anlegg	Per søknad	Kr 3 350,-
3120401	Tilleggsgebyr ved krav om avfallsplan	Per søknad	Kr 1 340,-

§ 3.12.5 Oppføring, endring eller reparasjon av bygningstekniske installasjonar

Dersom tiltaka under er ein del av rammesøknaden kjem ikkje gebyret her i tillegg.

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 f		Utrekningseining	Gebyr
3120500	Sanitærinstallasjonar, ventilasjons-/sprinklar-/antenne-/solcelleanlegg og liknande	Per tiltak	Kr 3 350,-
3120501	Skorstein, ildsted, heis ol.	Per tiltak	Kr 2 680,-

§ 3.12.6 Oppdeling eller samanføyning av brukseiningar for bustad

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 g		Utrekningseining	Gebyr
3120600	Samanføyning av brukseiningar for bustad mv.	Per søknad	Kr 2 680,-
3120601	Oppdeling av brukseiningar for bustad mv.	Per ny buening	Kr 5 360,-

§ 3.12.7 Oppføring av innhegning mot veg, plassering av skilt- og reklameinnretningar

Dersom tiltaka under inngår i søknad etter kapittel 20 i pbl, skal det ikkje krevjast separat gebyr. For tiltak etter denne føresegna kjem ikkje registreringsgebyr i tillegg.

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 h og i		Utrekningseining	Gebyr
3120700	Innhegning mot veg (eksempelvis støyskjerm eller gjerde)	Per søknad	Kr 2 680,-
3120701	Enkelt skilt eller reklame	Per tiltak	Kr 2 680,-

§ 3.12.8 Plassering av midlertidige bygningar, konstruksjonar eller anlegg

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 j		Utrekningseining	Gebyr
3120800	Plassering av midlertidige bygningar mv. som skal stå i inntil 2 år	Per søknad	Kr 5 360,-

§ 3.12.9 Vesentleg terrengingrep

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 k		Utrekningseining	Tiltaksklasse 1	Tiltaksklasse 2 og 3
3120900	Vesentlege terrengingrep	Per søknad	Kr 4 020,-	Kr 6 700,-

§ 3.12.10 Anlegg av veg, parkeringsplass og landingsplass

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 l		Utrekningseining	Gebyr
3121000	Anlegg av veg, parkeringsplass og landingsplass	Per søknad	Kr 10 720,-

§ 3.13 Tilleggsgebyr for høyring

Dersom tiltaket det vert søkt om må sendast på høyring, kjem eit høyringsgebyr i tillegg til andre gebyr. Tilleggsgebyret gjeld tiltak etter pbl §§ 20-3, 20-4 og 20-5, til dømes tiltak nær vassdrag og tiltak i område regulert til bevaring.

Tilleggsgebyr for høyring		Utrekningseining	Gebyr
3130000	Tilleggsgebyr for høyring	Per søknad	Kr 2 680,-

§ 3.14 Søknad om endring av gitt løyve

Ved søknad om endring av gitt løyve kjem det gebyr så fremt endringane ikkje dekkes av andre føresegner i regulativet. For søknad om endring av gitt løyve kjem ikkje nytt grunngebyr.

Søknad om endring av gitt løyve		Utrekningseining	Gebyr
3140000	Ved endringar av godkjent søknad, som krev nytt vedtak, betalast ein del av ordinært sakshandsamingsgebyr (unntatt dispensasjon) for ny søknad	Per søknad	50 % av sakshandsamingsgebyr

Er endringene så store at søknaden blir å sjå på som ny sak, betalast fullt gebyr. Dersom endringa krev ny søknad om dispensasjon, betalast tilleggsgebyr etter § 3.10.

§ 3.15 Andre vurderingar

For tiltak på eksisterande byggverk kan registreringsgebyr kome i tillegg.

Andre vurderingar		Utrekningseining	Gebyr
3150000	Tiltak på eksisterande byggverk (unntatt frå TEK), pbl § 31-2, 4. ledd	Per fråvik	Kr 3 350,-
3150001	Godkjenning av sjølvbygggaransvar, SAK § 6-8	Per søknad	Kr 1 340,-
3150002	Godkjenning av føretak som ikkje oppfyller krava til utdanning mv. i SAK, pbl § 23-8, jf. SAK § 11-4	Per føretak	Kr 2 680,-

§ 3.16 Igangsetjingsløyve

Igangsetjingsløyve jf. Pbl § 20-3		Utrekningseining	Gebyr
3160000	Igangsetjingsløyve	Per løyve	Kr 4 020,-

§ 3.17 Ferdigattest der det har gått meir enn 5 år sidan opphavleg byggjeløyve ble gitt

Midlertidig bruksløyve og ferdigattest		Utrekningseining	Gebyr
3170000	Ferdigattest der det har gått meir enn 5 år sidan opphavleg byggjeløyve ble gitt	Per søknad	Kr 2 680,-
3170001	Midlertidig bruksløyve	Per søknad	Kr 2 680,-

Kapittel 4 – Eigarseksjonering

§ 4.1 Generelt

Ved søknad om løyve til å seksjonere ein eigedom etter eierseksjonslova skal det reknast gebyr med mindre noko anna kjem fram av regulativet. Ved tilleggsareal i grunn kjem det gebyr for oppmålingsforretning i tillegg, sjå kapittel 5.

§ 4.2 Timepris

For dei tenester som ikkje blir omfatta av dette regulativ kan det blir rekna gebyr etter medgått tid. Timesatsen dekkjer også støttefunksjonar og administrasjon av tenesta.

Timepris	Utrekningseining	Gebyr
4020000 Gebyr for medgått tid etter eierseksjonslova	Per time	Kr 610,-

§ 4.3 Grunngjebyr

Grunngjebyret skal dekkje dei generelle oppgåvene i sakshandsamingsprosessen som er uavhengig av kompleksitet og storleik på tiltaket, eksempelvis mottaks kontroll.

Grunngjebyr	Utrekningseining	Gebyr
4030000 Grunngjebyr	Per søknad	Kr 0,-

§ 4.4 Registreringsgebyr

For søknad etter eierseksjonslova skal det betalast registreringsgebyr som skal dekkje kostnadene knytt til arbeid som må bli gjort i matrikkelen. Arbeid i matrikkelen aukar proporsjonalt per seksjon og det skal betalast eit registreringsgebyr per ny seksjon. Gebyret skal og betalast ved sletting av seksjon.

Registreringsgebyr	Utrekningseining	Gebyr
4040000 Registreringspliktige tiltak	Per ny seksjon	Kr 305,-

§ 4.5 Oppretting av eigarseksjonar, nybygg

Gebyr blir rekna for maksimalt 12 bueiningar.

Oppretting av eigarseksjonar, nybygg	Utrekningseining	Gebyr
4050000 For ein til tre seksjonar	Per søknad	Kr 6 100,-
4050001 For fire til åtte seksjonar	Per søknad	Kr 9 150,-
4050002 Frå ni seksjonar, tillegg per ny seksjon	Per seksjon	Kr 610,-

§ 4.6 Oppretting av eigarseksjonar, eksisterande bygg

Gebyr blir rekna for maksimalt 12 bueiningar.

Oppretting av eigarseksjonar, eksisterande bygg	Utrekningseining	Gebyr
4060000 For ein til tre seksjonar	Per søknad	Kr 6 100,-
4060001 For fire til åtte seksjonar	Per søknad	Kr 9 150,-
4060002 Frå ni seksjonar, tillegg per ny seksjon	Per seksjon	Kr 610,-

§ 4.7 Reseksjonering, endring av eigarseksjonar i seksjonert sameige

Gebyr blir rekna for maksimalt 12 bueiningar.

Reseksjonering, endring av eigarseksjonar i seksjonert sameige	Utrekningseining	Gebyr
4070000 For ein til tre seksjonar	Per søknad	Kr 4 880,-
4070001 For fire til åtte seksjonar	Per søknad	Kr 6 100,-
4070002 Frå ni seksjonar, tillegg per ny seksjon	Per seksjon	Kr 610,-

§ 4.8 Sletting/oppheving av seksjonert sameige

Ved sletting eller oppheving av seksjonert sameige betalast gebyret per ny grunneigedom. Registreringsgebyr kjem i tillegg.

Sletting/oppheving av seksjonert sameige	Utrekningseining	Gebyr
4080000 Sakshandsamingsgebyr for å slette/oppheve seksjonar på ein eigedom	Per grunneigedom	Kr 1 220,-

§ 4.9 Synfaring

Synfaring av eigedom blir utført når kommunen finner det nødvendig ved handsaming av saken. Gebyret kjem i tillegg til andre gebyr.

Synfaring	Utrekningseining	Gebyr
4090000 Gebyr for synfaring	Per synfaring	Kr 2 135,-

Kapittel 5 – Oppmålingsforretning

§ 5.1 Generelt

Alle oppmålingsforretningar etter matrikkellova skal betale gebyr med mindre noko anna kjem fram av regulativet. Gebyr for arbeid etter matrikkellova skal betalast etter reglar og satsar som gjeld den dagen saka blir fremma for kommunen. Kommunen kan i tillegg krevje dekning for nødvendige tingløyingsgebyr og eventuell dokumentavgift.

Samanslåing av eigedomar er unntatt gebyr.

I vinterperioden frå 1. desember til 1. mars kan tidsfristen på 16 veker bli fråvika utan at det medfører avkorting av gebyrsatsane. Føresetnaden for at dette skal gjera gjeldande er at snø og tele gjer det vanskeleg eller umogleg å utføre oppmålingsarbeid, jf. matrikkelforskrifta § 18 tredje ledd.

§ 5.2 Gebyr dersom oppmålingsforretninga blir gjort av andre enn kommunen

Dersom oppmålingsarbeidet blir gjort av andre enn kommunen må rekviert betale registreringsgebyr per grunneigedom og tinglysingsgebyr per matrikkelbrev, i tillegg til dei satsar som til ei kvar tid gjeld for oppmålingsarbeidet.

Kommunen kan i samsvar med matrikkellova § 5 bokstav a, og etter avtale, overlata til andre å utføre oppmålingsforretningar på vegne av kommunen der det er føremålstenleg.

§ 5.3 Tinglysing av bruks- og vegrettar mv.

Utarbeiding av privatrettslege dokumenter for tinglysing av bruks- og vegrettar mv. betalast etter medgått tid etter gjeldande timepris fastsett i § 5.4.

§ 5.4 Timepris

For oppgåver som ikkje blir nemnt av dette regulativet kan kommunen ta gebyr etter medgått tid. Timesatsen dekkjer og støttedfunksjonar og administrasjon av tenesta.

Timepris	Utrekningseining	Gebyr
5040000 Gebyr for anna fakturerbart arbeid	Per time	Kr. 670,-

§ 5.5 Kartavgift

Sal av kartdata blir gjort i samsvar med inngått samarbeidsavtale. Dei til kvar tid gjeldande rettleiingane frå GEOVEKST-forum blir følgde ved prissetjing. Prisen er avhengig av datainnhald, arealstorleik og talet bygg. Eigen priskalkulator. Desse gebyra er meirverdiavgiftspliktige.

§ 5.6 Registreringsgebyr

I dei tilfella der det er andre enn kommunen som gjer oppmålingsforretninga, skal det betalast registreringsgebyr til kommunen for det arbeidet som kommunen må gjere i matrikkelen. Arbeidet i matrikkelen aukar proporsjonalt med talet på matrikkeleiningar. Det skal betalast eit registreringsgebyr per gards-/bruks-/feste- og/eller seksjonsnummer som blir registrert eller endra.

Registreringsgebyr	Utrekningseining	Gebyr
5060000 Registreringspliktig arbeid	Per matrikkeleining	Kr 3 350,-

§ 5.7 Oppretting av matrikkeleining

§ 5.7.1 Oppretting av grunneigedom og festegrund

Oppretting av grunneigedom og festegrund	Utrekningseining	Gebyr
5070100 Areal frå 0 – 500 m ²	Per søknad	Kr 13 400,-
5070101 Areal frå 501 m ² – 1000 m ²	Per søknad	Kr 16 750,-
5070102 Areal frå 1001 m ² – 2000 m ²	Per søknad	Kr 20 100,-
5070103 Areal frå 2001 m ²	Auke per påbegynt daa	Kr 2 010,-
5070104 Maksimalt gebyr	Per søknad	Kr 0,-

§ 5.7.2 Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn

Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn	Utrekningseining	Gebyr
5070200 Areal frå 0 – 500 m ²	Per søknad	Kr 13 400,-
5070201 Areal frå 501 m ² – 1000 m ²	Per søknad	Kr 16 750,-
5070202 Areal frå 1001 m ² – 2000 m ²	Per søknad	Kr 20 100,-
5070203 Areal frå 2001 m ²	Auke per påbegynt daa	Kr 2 010,-
5070204 Maksimalt gebyr	Per søknad	Kr 0,-

§ 5.7.3 Oppmåling av uteareal på eigarseksjon

Oppmåling av uteareal på eigarseksjon		Utrekningseining	Gebyr
5070300	Areal frå 0 – 50 m ²	Per eigarseksjon	Kr 8 710,-
5070301	Areal frå 51 m ² – 250 m ²	Per eigarseksjon	Kr 12 730,-
5070302	Areal frå 251 m ² – 1000 m ²	Per eigarseksjon	Kr 14 740,-
5070303	Areal frå 1001 m ² – 2000 m ²	Per eigarseksjon	Kr 18 760,-
5070304	Areal frå 2001 m ²	Auke per påbegynt daa per eigarseksjon	Kr 2 010,-

§ 5.7.4 Oppretting av anleggseigedom

Gebyr for oppretting av grunneigedom.

Oppmåling anleggseigedom		Utrekningseining	Gebyr
5070400	Areal frå 0 – 1000 m ³	Per søknad	Kr 20 100,-
5070401	Areal frå 1001 – 2000 m ³	Per søknad	Kr 26 800,-
5070402	Areal frå 2001 m ³	Auke per påbegynt daa	Kr 3 350,-

§ 5.8 Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning

Viser til §§ 5.7.1 - 5.7.4. I tillegg kan det komme tilleggsgebyr for å utføre oppmålingsforretning.

§ 5.9 Grensejustering

§ 5.9.1 Grunneigedom, festegrund og jordsameige

Ved gebyr for grensejustering kan arealet for involverte eigedomar justerast med inntil 5 % av eigedomen sitt areal. Maksimalgrense er sett til 500 m². Ein eigedom kan mellombels ikkje avgje areal som i sum overstig 20 % av eigedomen sitt areal før justeringa. For grensejustering til veg- eller jernbaneføremål kan andre klassar gjelde.

Grensejustering av grunneigedom, festegrund og jordsameige		Utrekningseining	Gebyr
5090100	Areal frå 0 – 250 m ²	Per søknad	Kr 8 040,-
5090101	Areal frå 251 m ² til 500 m ²	Per søknad	Kr 10 720,-

§ 5.9.2 Anleggseigedom

For anleggseigedom kan volumet justerast med inntil 5 % av anleggseigedom sitt volum, men den maksimale grensa blir sett til 1000 m³.

Grensejustering av anleggseigedom		Utrekningseining	Gebyr
5090200	Areal frå 0 – 250 m ³	Per søknad	Kr 16 750,-
5090201	Areal frå 251 m ³ til 1000 m ³	Per søknad	Kr 20 100,-

§ 5.10 Arealoverføring

§ 5.10.1 Grunneigedom, festegrund og jordsameige

For anleggseigedom kan volum som ikkje skal overførast frå ein matrikkeleining til ein annan, ikkje vere registrert på ein tredje matrikkeleining. Volum kan kun overførast til ein matrikkeleining viss vilkåra for samanføyning er til stade.

Matrikkeleininga skal utgjere eit samanhengande volum.

Arealoverføring av grunneigedom, festegrund og jordsameige		Utrekningseining	Gebyr
5100100	Areal frå 0 – 250 m ²	Per søknad	Kr 13 400,-
5100101	Areal frå 251 m ² til 500 m ²	Per søknad	Kr 16 750,-
5100102	Areal over 500 m ²	Auke per påbegynt 500 m ²	Kr 4 690,-

§ 5.10.2 Anleggseigedom

For anleggseigedom kan volum som ikkje skal overførast frå ein matrikkeleining til ein annan, ikkje vere registrert på ein tredje matrikkeleining. Volum kan kun overførast til ein matrikkeleining viss vilkåra for samanføyning er til stade.

Matrikkeleininga skal utgjere eit samanhengande volum.

Arealoverføring av anleggseigedom		Utrekningseining	Gebyr
5100200	Areal frå 0 – 250 m ³	Per søknad	Kr 16 750,-
5100201	Areal frå 251 m ³ til 500 m ³	Per søknad	Kr 21 440,-
5100202	Areal over 500 m ³	Auke per nytt påbegynt 500 m ³	Kr 3 350,-

§ 5.11 Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidlegare er koordinatbestemt ved oppmålingsforretning

Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidlegare er koordinatbestemt ved oppmålingsforretning		Utrekningseining	Gebyr
5110000	For inntil 2 punkt	Per søknad	Kr 5 360,-
5110001	Over overskytande grensepunkt	Per punkt	Kr 2 010,-

§ 5.12 Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidlegare er koordinatbestemt eller klarlegging av rettar

Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidlegare er koordinatbestemt eller klarlegging av rettar		Utrekningseining	Gebyr
5120000	For inntil 2 punkt	Per søknad	Kr 10 050,-
5120001	Over overskytande grensepunkt	Per punkt	Kr 2 680,-

Gebyr for klarlegging av rettar blir fakturert etter medgått tid.

§ 5.13 Privat grenseavtale

Privat grenseavtale		Utrekningseining	Gebyr
5130000	For inntil 2 punkt eller 100 m grenselengde	Per søknad	Kr 5 360,-
5130001	For kvart nytt punkt eller påbegynt 100 m grenselengde	Per punkt/påbegynt 100 m	Kr 2 010,-

§ 5.14 Avbrot i forretning

Ved avbrot i forretning skal rekvirent betale ein del av gebyret avhengig av kor langt kommunen har kome i handsamingsprosessen.

Avbrot i forretning		Utrekningseining	Gebyr
5140000	Avbrot etter mottatt søknad, men før kommunen har vore ute i marka	Per søknad	30 %
5140001	Avbrot etter mottatt søknad, og etter kommunen har vore ute i marka	Per søknad	Fullt gebyr

§ 5.15 Utarbeiding av matrikkelbrev

Matrikkelbrev		Utrekningseining	Gebyr
5150000	Utarbeiding av matrikkelbrev	Per brev	Etter matrikkel-forskrifta